



**FENGSELSØY:** Bergen Fengsel, avdeling Osterøy, på Ulvsnesøy står i fare for å bli lagt ned av regjeringa. I januar i år fekk tilsette melding om at innan sommaren 2019 skulle fengselsdrifta avviklast. FOTO: FRED IVAR UTSI KLEMETSSEN

tig at så mange som råd kan sone nær heimekommunane. Avdeling Osterøy har ni plassar for kvinner. Slik har det vore sidan slutten av 1990-talet. På øya arbeider både mannlege og kvinnelege tilsette og mannlege og kvinnelege innsette side om side. Det er også ein del av normaliseringa og trening i å koma tilbake til eit normalt samfunnsliv.

Forsking viser, for eksempel Johnsen og Granheim 2012, at dei små fengsla har betre resultat enn dei mellomstore og små. Samarbeidet mellom fengselsbetjentane og dei innsette ser ut til å vera betre i dei små fengsla samanlikna med

dei mellomstore og store fengsla. Fengselsbetjentane i dei små fengsla opplever betre kontakt med leiinga enn kollegaene i mellomstore og små fengsel.

Forskarane meiner at den desentraliserte og mindre hierarkiske strukturen i små fengsel gjer det naturleg for leiinga å ha direkte kontakt med den innsette. Med andre ord er avstanden frå den innsette til tenestemenn og leiarar kortare i eit lite fengsel.

**ALT I 1841** sa Strafanstaltskommissjonen at når det galdt oppfølging etter avslutta soning «maa man ikke forlade Fangen i

det kritiske Øieblik, han derfra løslades». Dette er framleis god kriminologisk vitenskap. Styresmaktene har nytta mange ord på å fortelje kor viktig det er med eit strukturert og godt oppfølgingsarbeid. Regjeringa seier mellom anna i budsjettframlegget for 2019 at «Vellukka tilbakeføring etter fullført straff utan at domfelte gjer nye kriminelle handlingar, krev kvalifisert personell og målretta tiltak».

**DET ER NETTOPP DET** avdeling Osterøy har. Kvifor skal ein då leggje ned ein institusjon som fungerer så godt? I ein

samfunnsøkonomisk samanheng er det meiningslaust. Vi veit at det trengst tid å koma tilbake til det normale samfunnslivet. Det gjeld å få tru på seg sjølv, koma i arbeid eller skule, utvikle eit nettverk med gode fritidsinteresser.

Får kriminalomsorga dette til i samarbeid med Nav, skule, den innsette/frigjevne og andre frivillige organisasjonar, kan samfunnet ha spart millionar av kroner. Samfunnet vil bli ein tryggare plass for alle. I denne samanhengen er fengselsavdelinga på Ulvsnesøy eit lysande fyrtårn i norsk kriminalomsorg.



**SKÅNSAMT:** Naturinngrepa ved havvind er mindre, blant anna fordi det ikkje trengst vegar, skriv innsendarane. FOTO: NTB SCANPIX

## Bygg vindkraft til havs

### ENERGI

**KRISTIN GULDBRANDSEN FRØYSA**

Energidirektør, UiB

**FINN GUNNAR NIELSEN**

Professor Geofysisk institutt, UiB

**PETER M. HAUGAN**

Professor, Geofysisk institutt, UiB

**HELGE K. DAHLE**

Dekan, Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet, Universitetet i Bergen

**DEN SISTE TIDA** har BT hatt stort fokus på vindkraft på land. Både på eksisterande vindparker, planlagde vindparker og ikkje minst arbeidet med kartlegging av store område med tanke på vindkraftutbygging. Men til no har havvind knapt vore nemnd i debatten om vindkraftutbygging på Vestlandet.

**HAVVIND BØR KOMA** på dagsordenen. Vinden til havs er jamt over sterkare og jamnare. Ein tommelfingerregel er at produksjonen frå ein vindturbin til havs er 50 prosent høgare enn om den same produksjonen stod på land. Norge har Europas beste havvind-ressursar. Det er ressursar vi kan og bør utnytta.

Naturinngrepa ved havvind er mindre,

blant anna fordi det ikkje trengst vegar. I norske farvatn er det flytande havvind som er mest aktuelt. Då er opprydjinga etter vindparken enkel i forhold til landbaserte vindparker.

Kostnadene pr. kilowattime (kWh) har jamt over vore høgare for havvind enn for landbasert vindkraft. Men prisane pr. kWh på botnfast havvind har falle svært raskt, mykje raskare enn prognosane for fire-fem år sidan tilsa. Med den raske teknologiutviklinga vi ser for oss innan flytande havvind, kan prisane vera nede på 35–50 øre/kWh i løpet av ein tiårsperiode.

**FLYTANDE HAVVIND** er framleis nytt. Det er eit stort behov for teknologiutvikling og utvikling av leverandørindustrien. Equinor bygde verdas første flytande fullskala vindturbin i 2009, og følgde opp med verdas første flytande vindpark i 2017.

Norsk næringsliv har ein gyllen sjanse til å driva utviklinga og ta posisjonar gjennom å vera tidleg ute. Havvind er ei av næringane vi kan leva av i framtida. Havvind bør derfor høgare opp på den politiske agendaen i Norge, og arbeidet med å få på plass flytande havvind i norske farvatn må styrkjast.

## Paragraf 2c er ikke bare et kvinnespørsmål

### ABORT

**JON OLAV ØKLAND**  
KrFU

**EIRIN EIKEFJORD** reagerer på KrFs ønske om å fjerne abortlovens paragraf 2c ved å kalle forslaget for et usmakelig grunnlag for en borgerlig allianse. Kommentaren er både underlig og lite treffende. I sin kritikk gjør Eikefjord forslaget til et spørsmål om kvinners rettigheter – noe det primært ikke er.

**EN KVINNE HAR TILGANG** til selvbestemt abort frem til 12. uke, men vil etter det ha begrenset abortmuligheter. Dette betyr at fosterets rettsvern styrkes på bekostning av kvinnens rett til å ta abort. Det må da

ekstraordinære grunner til for at kvinnen skal få innvilget abort.

Abortlovens paragraf 2c er et slikt unntak, og handler om barnets svekkelse av rettsvernet grunnet dets sykdom – og ikke primært om kvinners rett til å ta abort. Morens helsetilstand og potensielle fødselskomplikasjoner er ikke gjenstand for paragraf 2c. Rettsvernet til foster med downs syndrom er svekket ene og alene grunnet egenskapene til barnet.

**PRINSIPIELT ER DETTE** problematisk, etter-

som en slik diskriminering av barn med downs syndrom hadde vært fremmed dersom barnet først var født.

Menneskeverd og kampen mot diskriminering av de svakeste har alltid stått sentralt i partiet.

Å løfte frem et punkt om likestillingen av rettsvernet mellom friske og syke barn i mors liv, er å forvalte den tillit KrF har fått av velgerne. For primært handler ikke KrF-forslaget om å begrense kvinners rett, det handler om å ivareta menneskeverdet til de barna som har fått svekket rettsvernet gjennom dagens abortlov.